



Majo Eigedom As
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3030 - 18/23848

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
08.08.2018

Førebels svar på søknad om ferdigattest 2 - gbnr 212/113 Eikanger øvre

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 212/113 Vahaugen 18
Tiltakshavar: Majo Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar om ferdigattest den 29.06.2018.

I vedtak av 23.07.2018 har vegavdelinga gjeve endringsløyve etter veglova for etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på vilkår. I vedtaket vert det presisert at «Endringsløyve berre gjeld tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova».

Følgjande punkt i vårt skriv av 11.07.2018 er framleis ikkje stetta:

1. Det er ikkje kryssa av for at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert eigar. Vi ber om stadfesting på dette, evt. innsending av nytt skjema der dette er kryssa av for.
2. I søknad om ferdigattest er det vist til at tilkomsten til eigdommen har fått endra plassering i forhold til det som var godkjent i rammeløyve datert 24.02.2017. Endra plassering av avkjørsle krev at der vert sendt inn søknad om endra plassering før vi kan handsame ferdigattesten. Dette fordi bygging av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova.
3. Eigar av gbnr 212/102 Vahaugen Velforening må nabovarslast om endringa.

Vi ber om at det vert sendt inn søknad om endra plassering for tilkomst til eigdommen. Søknad om ferdigattest vert lagt på vent til søknad om endring er sendt inn og handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Majo Eigedom As
Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916
Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ
ISDALSTØ